



BYGGADMINISTRASJON Harald Bjørndal a.s

PROSJEKTADMINISTRASJON – REGULERING - KOMMUNALTEKNISK PLANLEGGING

Lindås Kommune
Byggesaksavd.
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Postboks 103
5649 EIKELANDSOSEN
TLF: 56 58 11 30
Faks: 56 58 11 99
post@byggadmin.no

Dato: 27.02.2019

FØLGEBREV TIL SØKNAD

Eide Fjordbruk AS Gnr 195, bnr. 170, Leknes

Me vil på vegne av tiltakshavar Eide Fjordbruk AS søkja om utlegging av ny flytekai på gnr. 195, bnr 170, Leknes i Lindås Kommune.

Tiiltaket vil føra til ein tryggare landing av båtane som dei tilsette nyttar i sitt arbeid, samt at dei tilsette får ein tryggare i land- og ombordstigning til arbeidsbåtane sine.

Vurdering etter føresegner i arealplan for Lindås Kommune:

Tiltaket er søkt plassert på eigedom som i Lindås Kommune sin arealplan er definert som kaiområde, og etter vår vurdering vil ikkje tiltaket strida med arealbruken.

Det vert søkt om dispensasjon frå tiltak i strandsona, jmf PBL § 1-8.

Nabovarsel med dispensasjonssøknad er sendt ut 11.02.2019, og det er ikkje kome merknader til dette.

Ansvarsrettar:

Eide Fjordbruk AS har ikkje sentralgodkjenning for denne type arbeider tiltaksklasse 1, men er frå vår side vurdert til å innha nok kompetanse og utdanning i foretaket for å utføra sitt arbeide i prosjektet. Dei har drive med utlegging og flytting av oppankra matfiskanlegg sidan midt på 90-talet, og har i denne tida opparbeida seg rikelig med kompetanse innan denne type arbeider. Dette er vurdert iht SAK 10, § 11-3.

Marinegruppen AS har ikkje sentralgodkjenning for PRO på denne type arbeider i tiltaksklasse 1, men er frå vår side vurdert til å innha nok kompetanse og utdanning i foretaket for å utføra sitt arbeide i prosjektet. Dette er eit foretak som til dagleg driv med denne type arbeider, og har sidan oppstarten av foretaket opparbeida seg nok kompetanse innan denne type arbeider. Dette er vurdert iht SAK 10, § 11-3.

Er det behov for ytterligare utgreiingar, meir dokumentasjon, eller om det er andre spørsmål til søknaden, ver vennleg å ta kontakt med underteikna.

Vedlagt:

- Søknad om tillatelse til tiltak
- Søknad Arbeidstilsynet
- Nabovarsling med følgebrev
- Dispensasjons-søknad
- Situasjonsplan og teikningar
- Ansvarsrettar
- Gjennomføringsplan nr. 1

Med helsing


Carl-Johan Haugen